




Sigrid Øyrehagen saman med ektemann og naboar frå barndommen i Uskedalen, på utstillingsopning i Galleri Guddal i 2015

Den utflytta Uskedalskunstnaren Sigrid Øyrehagen opna laurdag separatutstilling i Galleri Athene i Drammen. På utstillinga er det monotypiar og oljemaleri, og på mange av dei finn vi Vestlandsmotiv, gjerne miksa med blomstrar frå hennar eigen hage i Drammen der ho no bur. Elles har kunstnaren ein forkjærlyghet for interiør i motiva sine.



Kjenner de att motivet i dette oljemaleriet?

Sigrød Øyrehagen viste tidleg kunstnarleg talent og tok seinare utdanning ved Statens Håndverks- og Kunstindustriskole og ved Statens Kunstakademi. Ho flytta tidleg frå Uskedalen, og har lenge budd i hovudstaden. For nokre år sidan flytta ho til Drammen saman med kunstnarmannen sin Tom Gundersen. Sigrød er stadig tilbake i Kvinnherad både for å ha utstilling, for å henta inspirasjon til nye bilde, og folk å halda kontakten med bygda og folket her. Motiv herfrå kjenner vi att i mange av bilda hennar.

At ho ikkje har gløymt heimstaden kom også tydeleg fram i eit større intervju som Dagsavisen Fremtiden hadde med Sigrød i samband med denne utstillinga i Galleri Athene. Oppslaget som hadde tittelen **Fargesterk solo**, vart innleia på følgjande måte: 'Selv om Sigrød Øyrehagen har bodd på Østlandet mesteparten av livet, lengter hun ofte tilbake til fødestedet på Vestlandet.', og det held fram med følgjande sitat frå kunstnaren sjølv: '- Jeg har bodd i Drammen siden 2001 og før det i Oslo, men jeg må få skryte av min hjemkommune Kvinnherad, der ble bildene mine kjøpt inn, og de tok vare på meg fra dag én, medgir Sigrød Øyrehagen, som fremdeles har et stort publikum i hjemkommunen.'

Eg anbefaler alle om å lesa heile det gode intervjuet. De finn det ved å klikka [HER](#).

På utstillingen har ho med 36 bilde. Ho har organisert det i tre hovudgrupper, Interiørserien, Solsikkserien og Rosendalserien. I bileta sine er Sigrød ofte opptatt av lys og stemning. Ho har eit reint, klart formspråk, men brukar ofte sterke fargar. Likevel finn vi ofte ein roleg harmoni i arbeida hennar. Utstillinga står til 28.mai.

Etter oppfordring frå oss er vi så heldige at Sigrød Øyrehagen har sendt oss bilde av nokre av kunstverka som vert utstilt, slik at lesarane våre kan kosa seg med dei. Nyt dei!!



Bord med gule roser, olje.



Demring, olje.



Grå dag, olje.




Interiør med to katter, olje.




Interiør, monotypi.



Nytt lys i gammalt rom, monotypi.



Måneskinn over måneskinnspeon, olje.



Solsikke i Hardanger, monotypi.



Speiling frå Rosendalserien, monotypi.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Sigrid Øyrehagen og Thor Inge Døssland